

## Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette på vegner av A, KrF, V, SV, MDG, Sp fram slikt forslag:

«Tillegg:

Administrasjonen blir bedt om å innarbeida naturressursar og kompetanse sin betydning for utvikling av Vestland i kap. 4.2.»

**Noralv Distad (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt kulepunkt under 1:

- utfordringar på kort og lengre sikt knytta til koronapandemien.»

### **Avrøyting**

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samråystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samråystes vedteke.

Handegard sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for «*Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland*» ut på høyring med frist 15. juli 2020. Høyringsinstansane vert utfordra til å gi synspunkt på:
  - Val av plantema
  - Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
  - Medverknad i planarbeidet
  - Anna som vert vurdert som viktige innspel i planarbeidet
  - utfordringar på kort og lengre sikt knytta til koronapandemien.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjøre mindre justering etter vedtak. Handlingsplanen skal utformast i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune, og det kan gjerast mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet.
3. Administrasjonen blir bedt om å innarbeida naturressursar og kompetanse sin betydning for utvikling av Vestland i kap. 4.2